



Møteprotokoll

Råd: Bryne sokneråd

Dato og tid: 20.11.2025, 18:30

Stad: Møterom kontor BryneTKF

Saksmappe: BSR2025-82

Til stades: Arne Berge (leiar), Ruth Stabel Berg (Nestleiar), Stein Ødegård (Prest), Elisabeth Skartveit Obrestad (sekretær), Hans Tore Hetland (Medlem), Heidi Strand Harboe (Medlem), Lars Tore Helgeland (Medlem), Oddmund Gravdal (Medlem), Gunhild Edith Lande (Varamedlem), Helga Johannessen (Varamedlem)

Forfall: Arne Espevik (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Anne Brit Ree (Varamedlem)

Protokollfører: Elisabeth Obrestad

Praksisstudent frå VID, Anita Skretting, deltok i møte.

Sakslista

Faste Saker

046/25 Godkjenning av referat.

047/25 Godkjenning av innkalling.

Møtesaker

048/25 Ny sokneprest i Bryne

049/25 Ny misjonsavtale med NMS - Madagaskar, kamp mot fattigdom

050/25 Møtedatoar Bryne sokneråd 2026

051/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

052/25 Offersøknadar 2026

053/25 Verdiredningsplan for Bryne kyrkje

054/25 Julegåveaksjonen 2025

055/25 Høyring om kyrkjevalreglane m.m.

056/25 Planar for nytt inngangsparti i Bryne kyrkje.

Orienteringssaker

00013 Misjonsutvalet.

00014 Det arrangeres «Håp 2026» torsdag 5. februar i Bryne kyrkje kl. 10-15

Arne Berge

Ruth Stabel Berg

046/25 Godkjenning av referat.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	046/25

Saksframlegg

Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak

Referat frå førre møte er godkjent.

Vedtak

Referat frå førre møte er godkjent.

047/25 Godkjenning av innkalling.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	047/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling til møte.

Forslag til vedtak

Innkalling er godkjent.

Vedtak

Innkalling er godkjent med dei endringar som kom opp i møte.

048/25 Ny sokneprest i Bryne

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	048/25

Saksframlegg

Trond Inge Tappel har takka ja til stillinga som sokneprest i Jæren prosti, med teneste i Bryne sokn. Tappel er tilsett av Stavanger bispedømme, det vert oppstart for han i Bryne 1. juni 2026.

Vedtak

Bryne sokneråd er glad for at Trond Inge Tappel har takka ja til stillinga som sokneprest i Bryne. Me ønskjer han velkommen 1. juni 2026, og ser fram til eit godt samarbeid i kyrkjelyd og stab.

049/25 Ny misjonsavtale med NMS - Madagaskar, kamp mot fattigdom

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	049/25

Saksframlegg

Misjonsavtalen til NMS-Madagaskar går ut ved årsskifte. Saka var oppe til behandling i møte 28. august der saka blei sendt vidare til misjonsutvalet i Bryne.

Misjonsutvalet har i møte 16.09.25 kome med si anbefaling:

«MU går for å fortsette med misjonsavtale med NMS. Menigheten har mange som er knyttet til og har engasjement for Madagaskar. MU ønsker å videreføre støtten til dette landet, og vil i neste møte komme med et forslag om fokusområde».

Fokusområde: Madagaskar med søkelys på kamp mot fattigdom.

Vedtak

Bryne sokneråd går inn for forslaget frå misjonsutvalet, og fortset misjonsavtale med NMS frå 01.01.26-31.12.28.

Prosjekt: Madagaskar, med søkelys på kamp mot fattigdom.

050/25 Møtedatoar Bryne sokneråd 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	050/25

Saksframlegg

Forslag til møtedatoar i Bryne sokneråd 2026

Torsdagar kl 18.30 – kl 21.30

29. januar
05. mars
23. april
11. juni
27. august
01. oktober
19. november

Vedtak

Møtekalender Bryne sokneråd 2026.

Torsdag 29.01., 05.03., 23.04., 11.06., 27.08., 01.10. og 19.11, klokka 18.30 – 21.30.

051/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	051/25

Saksframlegg

Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar, og valet skal vera skriftleg, jf. Verksemdreglane § 1 nr. 3.

Der er naturleg å velja dei to kvar for seg, først leiar så nestleiar.

Vedtak

Leiar: Arne Berge, gjenvalt.

Nestleiar: Ruth S. Berg, gjenvalt.

052/25 Offersøknadar 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	052/25

Saksframlegg

Det er kome inn ei rekkje offersøknadar til Bryne sokn for 2026.

Søknadane er lista opp i vedlagt dokument.

AU har utarbeidd eit forslag til møte der X tildelingar står ledige.

Medlemmer i rådet kan koma med ønskje om kven som skal få innvilga sine offersøknadar for komande år.

Vedtak

Tildeling av offer i Bryne kyrkje 2026:

Eksterne offer:

Bibelselskapet

Blå kors

Den Norske Israelsmisjon

IKO – Kirkelig pedagogisk senter

KFUM-KFUK-speiderne

Kirkens Bymisjon

Kirkens Nødhjelp (x 3, julaften)

Kirkens SOS i Rogaland

KRIK

Det Norske Misjonsselskap

Stefanusalliansen

Sjømannskirken

Søndagsskolen Norge

Utstein Pilegrimgard

VID

Åpne Dører

TV-aksjonen – Flyktningehjelpen

Misjonsprosjekt NMS (x 3)

Misjonsprosjekt DNI (x3)

Interne offer:

Kyrkjelydsarbeidet (x 20)

TT-koret

Speidargruppe Bryne kyrkje

Bryne 9:13

Barnekoret

Ung Fokus

053/25 Verdiredningsplan for Bryne kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	053/25

Saksframlegg

Fellesrådet vedtok i sak 027/25 at det skal utarbeidast ein verdiredningsplan for kyrkjene våre. Dette gjeld Time kyrkje og Bryne kyrkje, men òg Undheim kyrkje og bedehuset, som me har delt ansvar for.

Fellesrådet skriv:

Dette skal vere ein enkel oversikt over prioriterte objekt som skal reddast ved brann, vasskade m.m.

Oversikta bør setjast opp i prioritert rekkjefølgje, med kart som tydeleg viser kvar objekta er plasserte, og gjerne med bilete av dei.

Kyrkjeverja ser for seg at dette arbeidet blir forankra i sokna, hos dei som kjenner kyrkja og historia best.

Planane skal sendast vidare til Rogaland Brann og Redning, som legg dei inn i sine system og sørgjer for at brannmannskap får tilgang til dei så raskt som mogleg.

Ein enkel plan frå Egersund kyrkje er vedlagt og kan nyttast som mal.

Me veit at Undheim har oppdaterte teikningar som kan brukast. Dersom Time eller Bryne treng teikningar, kan eg skaffa det. Gje meg ei tilbakemelding om det er behov.

Me ser for oss at dagleg leiar og leiar i soknerådet saman tek ansvar for arbeidet, men det er ønskjeleg at heile rådet blir involvert.

Dersom det er vanskeleg å få gjennomført arbeidet innan utgangen av november, må de gje meg beskjed.

Frå kyrkjeverje i Time, Jostein Aa. Tollaksen

Vedtak

Bryne sokneråd godkjenner i sitt møte 20.11.25 verdiredningsplan for Bryne kyrkje.

054/25 Julegåveaksjonen 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	054/25

Saksframlegg

Årets gaveaksjon til familiar i Klepp og Time som er i en vanskeleg økonomisk situasjon.

Også i år vil pengane som blir samla inn bli omgjort til gavekort, og først og fremst bli delt ut til barnefamiliar. (Tekst frå F&O) NAV Time og Klepp gav i fjor beskjed om at dei ikkje lengre kunne bidra, men ein fekk til eit godt samarbeid med Klepp Frivilligsentral og Blå Kors Bryne som delte ut gåvene.

Vedtak

Bryne sokneråd gir, i henhold til årets budsjettvedtak, kr 10.000,- til julegaveaksjonen 2025.

055/25 Høyring om kyrkjevalreglane m.m.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	055/25

Saksframlegg

Kirkerådet har sendt ut høyring på forslag til nye kyrkjevalreglar.

Høyringa er sendt ut til eit utval av sokneråda og dei kyrkjelege fellesråda, Bryne sokneråd er ikkje blant sokna som er valt ut.

Alle kan gje høyringsuttale, fristen er 21. november.

Time sokn er blant sokna som er valt ut, eg har i lag med dagleg leiar gått gjennom høyringa, og i lag har me utarbeidd eit høyringssvar.

Mitt forslag er at Bryne sokn sender inn høyringssvar, eit forslag til svar ligg som vedlegg til saka.

Vedtak

Bryne sokneråd sender inn høyringssvar om kyrkjevalreglane m.m.

Innsendt høyringssvar ligg som vedlegg til saka.

056/25 Planar for nytt inngangsparti i Bryne kyrkje.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Elisabeth Obrestad	20.11.2025	056/25

Saksframlegg

Kyrkjeverje J.Aa. Tollaksen skriv dette i mail til soknerådet:

I samband med byggeplanane for utbygging av Carlsentomta til nytt kyrjekontor og barnehage vart det tenkt heilhetleg om utbygging for heile kyrkjetomta.

Skisser for nytt inngangsparti med heis til underetasjen for å tilfredsstille kravet til universell utforming kom på banen i denne samanhengen.

Sjølv om hovudprosjektet "står på vent" spelar fellesåret no desse planane for nytt inngangsparti i Brynekyrkja over til Bryne sokneråd for vidare handsaming.

Det er viktig at det er soknerådet sjølv som eig og driv eit prosjekt av denne typen framover, med tanke på utforming, innhald og finansiering.

Det som no er sendt over er skisser og grove estimat med mange atterhald, men nok til at ein kan tenkje ein veg vidare for dette prosjektet.

Vedtak

Bryne sokneråd er takknemleg for arbeidet til fellesrådet, og ser at her er store muligheter som soknerådet ønskjer å gå vidare med.

Soknerådet ber arbeidsutvalet om å koma med forslag til vidare prosess til neste møte.